



DEN NORSKE KYRKJA
Soknepresten i Gaular
6973 SANDE i SUNNFJORD

Telefon 95100916/E-post: frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no



Tårnagent – er det deg?

Laurdag og søndag 13. og 14. november skal tårnagentar løyse oppdrag og mysterium i Sande kyrkje. Difor ønskjer vi 4. klassingar i Gaular velkomen til å bli TÅRNAGENTAR!

Agentmøte laurdag startar klokka 11.00 og vi held på til omlag klokka 16.00. Frammøte i Sande kyrkje. Gjer merksam på at laurdagen er *berre* for agentar! Difor får du her ein hemmeleg kode du må kviskre ved frammøte. Din hemmelege kode får du i posten. Då kan du få komme inn og får utdelt personleg agentbevis med fingeravtrykk! Så blir det ulike oppdrag: Vi skal leite etter forsvunne gjenstandar, løyse kodar og forstå budskapen i framande ord, blant anna heilt oppe i tårnet – der berre agentar kan gå.

Søndag møtast me att klokka 13.30 presis! Tårnagentgudstenesta byrjar klokka 14.00 – og då er det tid for å avlegge rapport. Søndag kan foreldre, sysken, besteforeldre og vener gjerne bli med på gudstenesta. Etter gudstenesta blir det basar på kyrkjelydshuset med saft og mat og loddsal med fine gevinstar for alle som blir med.

Vonar du har lyst til å bli med. Det kostar ingenting å delta. Det kan vere lurt å ta med lommelykt, notatbok og penn, lupe (om du har) og kule agentbriller og hatt (om du har.)

Påmelding innan måndag 08. november 2021 til frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no

SNU ARKET!

(På andre sida står informasjon til føresette/vaksne i heimen din.)

Helsing

Frode Skeide
– soknepresten i Gaular

*Namna er henta frå medlemsregisteret til Den norske kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA
Soknepresten i Gaular
6973 SANDE i SUNNFJORD
Telefon 95100916/E-post: frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no



Kjære føresette til 9 åringar* (4.klassingar) i Gaular

ENDELEG! Tårnagentane kan samlast!

Tårnagentane skulle hatt samling i januar i år, då dei gjekk i 3. klasse. Alle veit kvifor det ikkje vart slik – smittevernreglar!

Laurdag 13. og søndag 14. november inviterer vi 9/10- åringane i Gaular til å vere tårnagentar. Det er populært og skikkeleg kjekt! Agentane skal utforske kyrkja, tårnet og klokkene. Dei skal løyse kodar og mysterium og bruke Bibelen. Frammøte blir i Sande kyrkje laurdag klokka 11.00 – men føresette må snu i våpenhuset og får ikkje komme inn før dagen etter ☺. Agentane møter klokka 10.30 på søndagen. Gudstenesta byrjar klokka **14.00** – og då kan alle få komme og sjå kva agentane har funne ut. Familie, fadrar og vener. Etter gudstenesta blir det basar på kyrkjelydshuset med mat, drikke, loddsal og fine gevinstar.

Alle agentar bur heime, men får agentmat på laurdag når dei er hos oss. Det kostar ikkje noko å vere med. Agentane må hentast laurdagen omlag klokka 16.00 og blir sjølvsagt med heim etter gudstenesta på søndagen... ehm!

Men: Me treng nokre *ENGLEVAKTER* som kan bruke nokre timar på laurdagen og førebu agentmat og vaske opp att etter måltidet. Difor ønskjer me at *alle* som veit dei kan bruke nokre timar melder frå om dette. Det er ikkje sikkert du blir spurd, men me er heilt avhengig av slik hjelp for å gjennomføre helga. Måltidet skal vere agentpizza og suppe med brød.

Dersom din agent har særskilde behov for tilrettelegging må de gjere oss merksam på det ved påmelding.

Påmelding innan måndag 08. november kan leverast i postkassa på kyrjekontoret eller på e-post til frode.skeide@sunnfjordkyrkja.no Skriv på om du har moglegheit for å vere englevakt. Hugs alle opplysningar. Viktig å melde på slik av vi reknar nok mat.

Helsing

Frode Skeide
– soknepresten i Gaular

*Namna er henta frå medlemsregisteret til Den norske kyrkja